



## Notat

Dato: 16.08.2019  
Arkivsak: 2017/13386-31  
Saksbehandlar: elibjor

---

**Til:** Sekretariatet for Kontrollutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Status handlingsplan arkiv og offentlegheit

Fylkesrådmannen viser til at Fylkestinget i sak PS 34/2018, 13. juni 2018, ga fylkesrådmannen i oppgåve å følgje opp funn i forvaltingsrevisjonen innan arkiv og offentlegheit.

I sak PS 105/2018, Kontrollutvalet 19.11. 2018, leverte fylkesrådmannen handlingsplan for oppfølging. Kontrollutvalet uttrykte i den samanheng at det var positiv til arbeidet som då var i gang. I sak PS 15/2019, 11. februar 2019, vurderte Kontrollutvalet den innsendte statusrapporten. Utvalet uttalte at det var mykje bra forbetningsarbeid. Fylkesrådmannen er bedt om å levere statusrapport innan 19.08.2019.

Parallelt med forvaltingsrevisjonen innan arkiv og offentlegheit, fekk fylkeskommunen tilsyn frå Arkivverket. Fylkesarkivet har koordinert arbeidet med å lukke pålegg og funn frå Arkivverket og forvaltingsrevisjonen. Dette har vore dels omfattande oppgåver, som utarbeiding av planar innan område som kartlegging og lagring av materiale frå elektroniske system og kartlegging og plan for ordning av papirarkiv etter Hordaland fylkeskommune sine verksemdar.

Arkivverket sitt tilsyn i Hordaland fylkeskommune vart lukka og avslutta i juni. Dette viser at ein har arbeidd målretta i organisasjonen.

Arkivplanen er hovuddokumentet i fylkeskommunen sitt dokument- og arkivarbeid. Fleire av forvaltingsrevisjonen sine kommentarar og innvendingar er knytt til Arkivplanen. Denne er revidert per 1. juni i år, og pålegget frå Arkivverket som galdt Arkivplanen, er lukka.

Under er litt om status på tiltaka i handlingsplanen.

1. Sikre at arkivplanen er fullstendig jf. Krava i arkivforskrifta og riksarkivaren si forskrift og at arbeidet med å oppdatere planen blir gjennomført

Tiltak	Status
<b>Ferdigstilling og godkjenning av arkivplanen innan 1. juni 2019</b>	Arkivplanen er oppdatert pr. 1. juni. Viser til brev frå Arkivverket dagsett 26.juni 2019 om at tilsyn er avslutta.

2. Sikre at retningslinjer og rutinar for journalføring og arkivering av ulike typar inn- og utgåande dokument er eintydige, oppdaterte og samla på ein plass

Tiltak	Status
<b>Revidering av retningslinjer og rutinar for journalføring og arkivering</b>	Arkivplanen er oppdatert pr. 1. juni

3. Utarbeide utfyllande rutinar for registrering av organinterne dokument og sikre at desse følgjer krava i regelverket

Tiltak	Status
<b>Utarbeide utfyllande rutinar</b>	Arkivplanen er oppdatert pr. 1.juni
<b>Informasjon på oppfriskingskurs</b>	Viser til tilbod og gjennomføring av oppfriskingskurs vår og haust 2018

4. Sikre at all inngående og utgåande korrespondanse blir journalført i samsvar med krav i regelverket, samt at a. det blir utarbeidd rutinar som sikrar at journalpostar ikkje blir liggande opne utover det som er naudsynt for sakshandsaming og at b. arbeidet med å inkludere alle journaleiningane i fylkeskommunen i postlista blir gjennomført

Tiltak	Status
<b>Få ned talet på dokument i status R</b>	Viser til vårt brev til Arkivverket dagsett 1.12.2018, og Arkivverket sitt svar dagsett 12.02.2019 om at pålegg er lukka.
<b>Utarbeide rutine som sikrar at journalpostar ikkje vert liggjande opne utover det som er naudsynt i sakshandsaminga</b>	Viser til vårt brev til Arkivverket 1.12.2018 med rutinar for å sikre dette, og Arkivveket sitt svar dagsett 12.02.2019, 2019/10444-12, om at pålegg er lukka
<b>Gjennomføring/fullføring av utrulling av ePhorte til dei vidaregåande skulane og tannhelse</b>	Vi viser til kurs/opplæring til vidaregåande skular og tannhelse. For å følge skulane vidare opp etter igangsettingsfasen, har vi kartlagt status på bruk av ePhorte ved alle skulane for konkret oppfølging i driftsfasen.
<b>Oppfriskingskurs i ePhorte</b>	Oppfriskingskurs vår og haust 2018 gjennomført

## 5. Utarbeide utfyllande retningslinjer og rutinar for skjerming av informasjon i postlista

Tiltak	Status
<b>Gå igjennom og utarbeide meir utfyllande rutinar og retningslinjer</b>	Viser til at godkjent Arkivplan er oppdatert med slike, og Arkivverket sitt pålegg om oppdatering av Arkivplanen er lukka – brev frå Arkivverket 26.06.2019
<b>Informasjon til dei tilsette</b>	Tilbod om oppfriskingskurs og informasjonsmøte om Arkivplanen vår og haust

## 6. Sikre at retningslinjer og rutinar for meirinnsyn er i samsvar med relevante føresegner

Tiltak	Status
<b>Gå igjennom og endre/presisere rutinar og retningslinjer det det er naudsynt</b>	Viser til at godkjent Arkivplan er oppdatert med slike, og Arkivverket sitt pålegg om oppdatering av Arkivplanen er lukka – brev frå Arkivverket 26.06.2019
<b>Utrulling av e-læringskurs til tilsette i fylkeskommunen i offentleglova og forvaltingslova</b>	Utrulling av e-læringskurs til tilsette i fylkeskommunen i offentleglova og forvaltingslova vart gjennomført vinter/vår 2019

## 7. Gå gjennom retningslinjer og rutinar for førehandsklassifisering, og sikre at desse er i samsvar med føresegna i regelverket

Tiltak	Status
<b>Gå igjennom rutinar og retningslinjer</b>	Arkivplanen er godkjent.
<b>Vurdere om ein for ePhorte i Vestland fylkeskommune kan ha hendelsesstruktur heller enn dagens mappestruktur</b>	Problemstillinga er diskutert i arbeidet med felles ePhorte for Vestland. Det er på noverande tidspunkt ikkje noko alternativ å endre struktur. Problemstillinga vert vurdert igjen når ein skal endre system.

## 8. Sikre at retningslinjene og rutinare for handsaming av innsynskrav i saksdokument blir følgt, og at dei som handsamar innsynskrav har tilgang til tilstrekkeleg kompetanse

Tiltak	Status
<b>E-læringskurs i offentleglova og forvaltingslova</b>	Kursa er sendt på e-post til tilsette i fylkeskommunen.

9. Gjennomgå reglement for sakshandsaming i folkevalde organ og sikre at dette er i samsvar med gjeldande regelverk, t.d. med omsyn til kunngjering av politiske møte

Tiltak	Status
<b>Gå igjennom reglement</b>	Arbeid har pågått i 2019 med å lage reglement for Vestland fylkeskommune. Vi har lagd heilt nye reglement for Vestland. Det som kjem fram i forvaltningsrevisjonen er ivaretatt. Reglement for Vestland fylkeskommune er både behandla og skal også behandlast av fellesnemnda i september. Endeleg godkjenning av reglement vert gjort av Vestland fylkesting på det konstituerande fylkesting i oktober. Reglementet for Vestland fylkeskommune vil vere eit av temaene på politikardagen den 11. oktober.

10. Sikre at reglane og prosedyrane for lukking av politiske møte blir utfyllande og tydelege, samt gjort kjende bland dei folkevalde, t.d. gjennom tilbod om ytterlegare opplæring

Tiltak	Status
<b>Gå igjennom reglar og prosedyrar og sikre at dei er godt kjent blant dei folkevalde</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vi viser til punkt 9 over.</li> <li>- Den 11. oktober 2019 vil det bli ein politikardag med folkevaldopplæring for alle representantane på Vestland fylkesting.</li> <li>- Det vil og bli folkevaldopplæring i form av e-læring.</li> </ul>

Forvaltningsrevisjonen og Arkivverket sitt tilsyn har gitt ein større systematikk i korleis dokument- og arkivarbeidet vert følgt opp i organisasjonen. Gjennom pålegg og krav har ein fått på plass reiskap som kan nyttast i både det daglege arbeidet, men også i eit meir langsiktig utviklingsperspektiv. Som del av oppfølgingsarbeidet har ein utarbeidd oversikter på avdelingsnivåa på dokument i status R, med betre rutinar for korleis desse skal følgjast opp. For dei vidaregåande skulane har ein utarbeidd ein oversikt på skulenivå over bruk av ePhorte. Dette vil danne grunnlag for tett oppfølging av den einskilde skule no når alle er i driftsfasen og ikkje lenger i ein startfase. Oppfriskingskurs i ePhorte vert no følgt opp gjennom prosjektet opplæring i ePhorte for alle i Vestland fylkeskommune. Erfaringane frå Arkivplanen vert med i utarbeiding av ny arkivplan for Vestland fylkeskommune.

Etablering av halvårleg informasjonsmøte om Arkivplanen har gitt ein møteplass for tilsette i fylkeskommunen der ein får grunnleggjande informasjon om innhaldet i planen, retningslinjer og rutinar, men og kan drøfte ulike problemstillingar.

Fylkesrådmannen vonar at Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som no er gjennomført, og at erfaringar frå planar, rutinar, retningsliner og opplæringstiltak kjem dokumentforvaltinga i Vestland fylkeskommune til gode.